

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36- Tilleggsliste.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hamre

Emne: Måter å refse folk på.

Bygdelag: Leknesbygda

Oppskr. av Sverre Kvamme

Gard: Mundal

(adresse): Leiknestangen

G.nr. 10 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Eldre folk i bygda

SVAR

A.

Eg har ikkje fått kunnskap om at det her i bygda vart straffa på slike måtar som nemnd i spørjebrevet.
 Det einaste er at den som av unaudsynleg sparsomt let vera å stella til kransøl ved bygging av hus, løer og likn., fekk ei påminning om dette på denne måten:

Når sperret var røyst, vart det sett ei ungbjørk i mønet. Det måtte vera ei ven lauvkledd bjørk.

Fekk dei så ikkje kransøl-gilde, vart bjørka bytt ut med ein soplim-start.

B.

Heilt ukjend her i bygda.

1,50
8730